



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
13/02240-15

ARK. F - Fartøy
Vestgar

DYKKAR REF.

INNVÅLSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO
26.06.2014

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Øygardsbåtane
Geitanger
5360 KOLLTVEIT

KOPI



M/S VESTGAR- LMEA DISPENSASJON FRÅ FREDINGSFØRESEGNENE - FJERNING AV REKKVERK PÅ TAK

Vi syner til Dykkar søknad av 18.03.2014 og seinare samtalar om saka. Søknaden gjeld høve til å fjerne noverande rekkverk på tak av bru og øvre salong. Rekkverket vart montert i samband med ei ombygging i perioden som misjonsskip, og skriv seg ikkje frå den perioden som ligg til grunn for vernearbeidet.

I følgje fredingsføresegnene av 08.01.2014 punkt 1 krev tiltaket dispensasjon: *Fartyet sitt eksterior, konstruksjon, arrangement eller originalt fast inventar skal ikkje endrast.* Samstundes går det fram av punkt 5 at *Fredinga skal ikkje vere til hinder for naudsynt restaurering av skipet eller for tilbakeføring av arrangementet til perioden som ruteskip fram til 1979.* Då søknaden om dispensasjon frå fredingsføresegnene er i tråd med føremålet for fredinga gjer Riksantikvaren følgjande vedtak:


VEDTAK:


Det vert gjeve dispensasjon frå punkt 1 i fredingsføresegnene slik at rekkverket på taket av bru og øvre salong kan fjernast. Tiltaket er i tråd med planane for tilbakeføring av skipet til utsjånaden frå tida som ruteskip fram til 1979.

Høve til å klaga

Vedtaket kan klagast inn til Miljøverndepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendes til Riksantikvaren innan tre - 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Beste helsing


for Dagfinn Claudius (e.f.)
avdelingsdirektør


for Mari Søbstad Amundsen
konst. seksjonssjef

Kopi til: Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd., Postboks 7900, 5020
BERGEN